

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.11.2014

Mona Røsvik Strømme sette på vegner av H, Frp og V fram slikt forslag:

1. a) Fylkeskommunen ser ikkje grunn til å endre forslaget til plan. Det er liten tvil om at Åsane og Lagunen fyller ein regional funksjon og må vere regionale senter.
 - b) Fylkeskommunen ser ingen grunn til å ha strengare arealreglar enn statens krav gitt i lover og forskrifter.
 - c) Fylkestinget vedtar derfor høyringsutkastet sine formuleringar på desse tema.
2. Som innstillinga."

Aud Karin Oen sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget vedtar *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, datert 30.10.2014 med følgjande hovudendringar i frå høyringsforslaget:
 - a) Planskildring og retningslinjer for bydelssenter i Bergen i planens kapittel 1 endrast slik at ein fremjar sjølvforsynte bydelar. Detaljhandel i bydelssenter skal dimensjonast for den bydelen som bydelssenteret skal betene. Unntak er bydelssenteret Indre Arna kor det skal tilretteleggjast for regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal.
 - b) Regionale føresegner og retningslinjer for handel i kapittel 4 endrast. Hovudendringa er at utanfor fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelssenter og lokalsenter tillatast berre ny eller utvida detaljvarehandel med opptil 1.500 m² samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel pkt. 4.1 Samtykke skal gjevast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.
3. Ingen nye senter vert godkjente utan at det er lagt fram plan for kollektivtransport, gang og sykkel.
4. Nye planar/søknader om senter skal ha vedlagt berekna klimautslepp ved bygging av nytt senter."

Røysting

Fylkesordføraren la innstillinga frå kultur- og ressursutvalet til grunn for røystinga.

Oen sitt forslag punkt 1 og 2 fekk 1 røyst (SV) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 og 4 fekk 2 røyster (SV og KrF) og fall.

Strømme sitt forslag punkt 1 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget mot ingen røyster for innstillinga punkt 1.

Innstillinga punkt 2 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. a) Fylkeskommunen ser ikkje grunn til å endre forslaget til plan. Det er liten tvil om at Åsane og Lagunen fyller ein regional funksjon og må vere regionale senter.
- b) Fylkeskommunen ser ingen grunn til å ha strengare arealreglar enn statens krav gitt i lover og forskrifter.

- c) Fylkestinget vedtar derfor høyringsutkastet sine formuleringar på desse tema.
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel pkt. 4.1 Samtykke skal gjevast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.